

# ÅRSMØTE 2022



Velkommen til årsmøte i Sandane Sykkelklubb  
Fredag 3. mars 2023 kl 17.30 (Gloppen Hotell)

# Sakliste Årsmøte 2022 i SSK

1. Godkjenning av røysteføre
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Årsmelding; gjennomgong og godkjenning
5. Rekneskap og budsjett; gjennomgong og godkjenning.
6. Innkomne saker
7. Medlemskontingent 2023
8. Val
9. Ymse

# Årsmelding 2022

## Årsmøte

Årsmøtet for 2021 vart avholdt søndag 11. mars 2022 på Gloppen Hotell. 6 personar møtte.

## Styresamansetning

Leiar: Ole Marius Gloppestad (valt for 1 år)

Nestleiar: Henry Hammersland (valt for 1 år)

Kasserar: Arne Myklebust (valt for 1 år)

Vara: Yngvill Oen (valt for 2 år, 1 år att)

## Valnemd

Dag Arne Eide og Johnny Hauge (begge valt for 1 år i 2022, på val i 2023)

## Kontrollutval

Odd Bjarne Tveit (valt for 1 år)

Øystein Sundal (valt for 1 år)

## Styremøter

Generelt lite aktivitet har medført lite styrearbeid også i 2022. Styret hadde ei kombinert styre-og treningsamling på Mallorca i mai.

## Medlemstal

21 har betalt for medlemskap i 2022. Av desse var 3 familiemedlemskap og medlemstalet med smått og stort var difor ca 27 medlemmar. Det er er ny nedgong frå tidlegare år.

## Trening

Klubben har hatt offisielle treningar tysdag og torsdag i sommarhalvåret, og med oppmøte ved Intersport i Sandane Sentrum. Treningane har vore annonsert på nettsida, på Facebook-sida og i treningsgruppa på Facebook. Oppmøtet har vore særst lågt og det har ikkje vore ført statistikk. Dei fleste, både eksisterande og tidlegare medlemmar, velgjer i større grad å trene uorganisert. Vinterstid er Zwift framleis populært.

## Ritt

Medlemar har også i år delteke på fleire ritt. Flest deltakarar hadde vi på Birkebeinerrittet. På Trondheim-Oslo, Jotunheimen rundt, Nibberittet og Ulsteinrittet har og nokre delteke.

## Sponsoravtale

Avtalen med Intersport (inntil 20% rabatt på sykla og sykkelrelaterte varer) har ikkje blitt formelt fornya etter 2020 då den gjekk ut.

## Anna

Nordfjord Folkehøgskule søkte om støtte til stibygging på Vereide. Under føresetnad om avtale med grunneigarar og tilrettelegging for også «hard-tails» godkjente og utbetalte styret 15.000,- til dette tiltaket:



Styret 2022

Ole Marius Gloppestad

Henry Hammersland

Arne Myklebust